

Referat frå styremøte i Herand Bygdelag 03.04.2018

Til stades: Gunnar Dalseth, Kenneth Vikane, Marta Samland, Thorleif Gjernes, Angunn Handegard Trå, Aud Berit Garnes, Liv Bente Steiro, Jan Tore Huus, Sigmund Eiken og Kaia Gulbrandsen

Referent: Kaia Gulbrandsen

Sak 2018/21: Godkjenning av innkalling og dagsorden; godkjent.

Sak 2018/22: Godkjenning av referat frå styremøte 05.03.18; godkjent med korreksjon av dato for seminar for frivillige lag i sak 2018/20: rett dato er 07.04.18.

Sak 2018/23: Konstituering av nytt styre;

- Leiar: Gunnar Dalseth (valt av årsmøtet)
- Nestleiar: Marta Samland
- Skrivar: Kaia Gulbrandsen
- Kasserar/rekneskapsfører: Angunn Handegard Trå
- Styremedlem: Thorleif Gjernes, Aud Berit Garnes, Kenneth Vikane
- Rekkefølge vara: 1. Sigmund Eiken, 2. Liv Bente Steiro, 3. Jan-Tore Huus, 4. Birte Torgersen.
- Andre ansvarsområde: Eigedom/utleige; Sigmund Eiken, Thorleif Gjernes, Kenneth Vikane, Kaia Gulbrandsen
- Tilstellingar; Kenneth Vikane, Aud Berit Garnes
- Landskapsparken; Marta Samland
- Liv og lyst; Liv Bente Steiro
- Bygdeblad; Kaia Gulbrandsen
- Representantar i Herand Aktiesagbrug; Gunnar Dalseth. Herand Landhandleri; Gunnar Dalseth. Herand Omsorgsbustader; Kenneth Vikane.

Sak 2018/24: Status ymse søknader / andre pågåande saker;

- Oppfølging dårleg veg; Gunnar har skrive brev om dei dårlege vegtilhøva i bygda til Nasjonale turistvegar – ikkje fått svar enda.
- Næringsfondet Jondal Kommune; 50.000,- i rest kjøkken er utbetalt.
- Lyd/lys/bilete i Herand kulturhus: har hatt eit møte med Lars Aarvik for å kartlegge behov/moglegheiter. Deretter lages budsjett.
- Butikk; tilsetjingar er i gang. Opning planlagd fyrste helg i mai. Drivstoffanlegg er på gang, kanskje klart til opning.
- Brannsikring; Gunnar har snakket med Georg Kvåle, brannsjef Jondal Kommune. Han vil komme til kulturhuset for rådgjeving/gjennomgang.

Sak 2018/25: Organisering av bygdedugnad;

Bygdedugnad er laurdag 28.april, oppmøte i båthamna eller rett på arbeidsstad kl. 09.30. Gunnar sender ut planleggingsskjema til alle lag og hus i bygda for innmelding av arbeidsoppgåver. Sigmund og Gunnar planlegg og fordeler ressursar og gjer avtalar om nødvendig utstyr.

I tillegg vert det dugnad i kulturstien laurdag 21. april, oppmøte på Vassel eller brua kl. 09.30.
Rydding etter hogst, montering av rekkverk i Idlastien. Ta med ryddeutstyr og niste. Kaffi vert servert.

Sak 2018/26: Møteplan:

Møtedag for ordinære styremøter vert andre tysdag i månaden kl. 19.30 på kulturhuset. 08.05, 12.06, 14.08, 11.09, 09.10, 13.11, 11.12.

Sak 2018/27: Eventuelt:

- Herand Båtlag har hatt årsmøte. Audun Berg er leiar. Det er så langt ingen til å drive kiosken denne sommaren. Interesserte må melde seg til båtlaget.
- Vi må hugse utplanting i krukke ol. Gunnar snakkar med Marit Samland. Kenneth køyrer krukkene i båthavna og kulturhuset til gartneriet.

Neste møte tysdag 08.05.18 kl. 19.30 på Herand kulturhus.